



Ann-Therese Strønen
Ådlandsvegen 309
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18412 - 20/80087

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
16.12.2020

Tilbakemelding om mangler - gbnr 341/28 Skarpeneset

Tiltak: Utsleppsløyve
Byggjestad: Gbnr: 341/28
Tiltakshavar: Ann-Therese Strønen
Ansvarleg søkjar: Ann-Therese Strønen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Kart

Søknad skal vise plassering av avlaupsanlegg og utsleppstad på kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskriften § 12-4/13-4 fyrste ledd nr. 1 bokstav d). Anlegget si plassering i forhold til eigedomsgrenser bør komme fram av kartet. Avstand til tomtegrense og bygning må påførast.

Leidningstrase heilt fram til sjø må teiknast i kartet, du kan nytte vedlagte kart.

Privatrettslege tilhøve

Vedlagte situasjonsplan viser at utsleppsleidning er lagt på eigedom gbnr. 341/2. Det ligg ikkje føre skriftleg avtale mellom deg og eigar av gbnr. 341/2 for legging av leidning på denne eigedomen.

I søknaden er det vist til at påkopling skal skje til privat kloakkleidning som går til sjø. Det må dokumenterast at du har rett til kople deg til denne leidningen. Vi treng også opplysningar om storleik og tilstand på denne leidningen.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning skal tinglysast på eigedomane.

Nabovarsel

Søknad om utsleppsløyve skal nabovarslas. Kvittering for at varselet er sendt skal leggjast ved søknaden, jf. forureiningsforskriften § 12-4.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 16.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

341_28_Skarpenes_500
341_28_Skarpenes

Kopi til:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Ann-Therese Strønen

Ådlandsvegen 309

5919

FREKHAUG